

Meld inn favorittsalmen din

03.11.2010




Reidar Algerøy spelar i løa på Skorpo

Uskedal Sokneråd skipar til salmekveld i kyrkja sundag 21. november.

Organist Reidar Algerøy frå Hatlestrand og Kristian Bringedal er ansvarlege for utvalet og gjennomføringa.

Dei vil særleg ha fokus på to salmeforfattarar denne kvelden, Elias Blix og Trygve Bjærkheim.



Elias Blix vert ofra stor merksemd

Nordlandsdiktaren, professor og statsråd Blix (1836 - 1902)

er og har vore den mest markerte nynorske salmediktaren i landet.

I den salmeboka vi brukar idag, Norsk salmebok, har Blix 56 eigne og 20 omsette salmar.

Mest kjend er Himmelske Fader, fedrelandsalmen Gud signe vårt dyre fedre land

og vårsalmen No iivnar det i lundar.

Trygve Bjørkheim er mest kjend for salmane og songane sine i Sangboken.

Arrangørane ynskjer at interesserte melder inn kva kjære og kjende salmar ein vil syngja.

- Dersom du har ein favorittsalme, sei frå om det så skal vi finna plass til den, oppmodar Bringedal.

Reidar Algerøy vil informera kort om arbeidet med ny norsk salmebok.

Det føreligg eit høyringsutkast der mykje av det gamle skal ut og mykje nytt inn.

Sterke reaksjonar har ført til at arbeidet held fram og det er ikkje

fastsett kva tid den nye salmeboka føreligg.

Dersom dette tiltaket i kyrkja vert vellukka, vil soknerådet halda fram medfleire salmekveldar.

Det vert lagt inn matøkt med kaffi og kaker